



**Årsmelding**  
for  
**Sveio Orienteringslag**

**2024**



Vestlandspremierein i Auklandshamn 6. april 2024

**Årsmøte blei halde mandag 29. april i Førde Samfunnshus.**

Desse blei valde inn i styre og stell:

**Hovudstyret:**

Thomas Førde attval for 1 år

Kjetil Fiskå attval for 2 år

Kristian S. Førde attval for 2 år

Karl Inge Instefjord ikkje på val

Astrid Førsund ikkje på val

**Varamedlemmer til hovudstyret:**

Geir Milford 1. varamedlem, attval for 1 år

Øystein Opedal 2. varamedlem, attval for 1 år

Hjalmar Lokna 3. varamedlem, attval for 1 år

**Turorienteringsutvalet:**

Thomas Førde attval for 1 år

Astrid Førsund attval for 1 år

Karl Inge Instefjord attval for 2 år

Olaug Fagerland ikkje på val

Leif Grutle ikkje på val

Alice Enerstvedt ikkje på val

**Revisor:**

Jostein Ottesen attval for 1 år

**Diverse:**

Utsendingar til Rogaland O-krets sitt ting:

Styret får fullmakt til å velja utsendingar

Utsendingar til årsmøte i Sveio Idrettsråd:

Astrid Førsund Karl Inge Instefjord

Utsendingar til årsmøte i Førde Samfunnshus:

Karl Inge Instefjord, vara Hjalmar Lokna og Astrid Førsund, vara Geir Milford

**Medlemstal, register og innkrevjing av kontingent**

Medlemstalet er stabilt, 89 medlemmer er registrert, det same som året før. Innkrevjing av medlemspengar fungerer bra. Det skjer gjennom utsending av krav via e-post der me nyttar Idrettsforbundet sitt register og innbetalingssystem.

Men verving av nye medlemmer var enklare før då me la innbetalingsblankett i tur- o-konvolutten. Nå må nye medlemmer sjølve oppretta sitt medlemskap via Min Side hos Norges Idrettsforbund på nettet.

## Kart-arbeid

Hausten 2023 engasjerte me Ørjan Ravndal i selskapet Skogsopplevelser til å revidera o-kartet vårt i Auklandshamn. Prosjektet er delt opp i fleire byggetrinn. Det første trinnet var å revidera, gjennom synfaring og reintekning terrenget sør for skulen og sør for bedehuset. Dette del-prosjektet blei ferdigstilt våren 2024. Kartet blei formelt godkjent av Rogaland O-krets og tatt i bruk til Vestlandspremieren 6. april.

Hausten 2024 sette me i gong arbeidet med synfaring og reintekning av del to i første byggetrinn. Dette området omfatta Eikelandsneset og friluftsområdet i Slettene. Målet var å få denne delen klart til bruk under Vestlandspremieren 5. april 2025. Det greidde me. Det er sendt inn skjema til Rogaland O-krets for godkjenning av denne nye delen av kartet.

Søknad om spelemidlar til første byggetrinn til ein samla stipulert kostnad av kr. 600 000 blei sendt inn i 2023. I 2024 fekk me dverre avslag på søknaden. Det kunne sjå ut til at søkeren hadde hamna i feil kategori. Ny søknad blei straks etter sendt inn. Me har i skrivande stund ikkje fått svar på denne søknaden.

Kor store delar av det eksisterande Auklandshamn-kartet frå 2004 som bør bør/kan reviderast, er avhengig av utfallet av spelemiddelsøknaden.

Det nye o-kartet over Førde sentrum, med Strando og RexGarden er for lengst ferdigstilt og godkjent av Rogaland O-krets og har vore i bruk ved fleire ulike arrangement. Me har fått utbetalt dei omsøkte spelemidlane til prosjektet, ca. kr. 200 000. Hausten 2024 mottok me refusjon av moms frå Lotteri- og stiftelsestilsynet på om lag kr. 70 000.

## Konkurranseorientering

Eigne arrangement:

### Vestlandspremieren 2024

Etter initiativ frå Hordaland O-krets kom det i stand eit samarbeid mellom tre klubbar i Sunnhordland om å arranger ei o-helg med tre konkurransar i løpet av tre dagar tidleg i april. Dette skulle markera sesongopning på Vestlandet for o-løparar både i Rogaland og Hordaland. Ei o-helg med tre konkurransar blei snekra saman for å gjera tilbodet mest mogeleg attraktivt slik at me kunne samla flest mogeleg o-løparar på tvers av kretsgrensene på Vestlandet.

Sveio O-lag blei med som ein av arrangørane saman med Bremnes IL og Stord IL. Sveio O-lag tok på seg å arranger konkurranse i mellomdistanse-orientering laurdag 6. april.

Me kunne ved dette høvet ta i bruk eit flunkande nytt kart og hadde samlingsplass og mål ved Auklandshamn skule. Starten for dei fleste løypene var like sør for bedehuset i Auklandshamn. Kjetil Fiskå og Thomas Førde hadde laga åtte ulike løyper i terrenget sør for skulen. Alle tillitsvalde i Sveio O-lag pluss nokre til blei engasjerte som funksjonærar i ulike posisjonar under arrangementet.

Vårt o-løp under den aller første Vestlandpremieren blei sportsleg særsla vellukka. Meir enn 200 deltar stilte til start. Det vanka mykje ros til arrangøren for kart, løyper og terren og for arrangementet elles. Me var dverre ikkje heldige med veret ettersom det melde seg både regn og kuling i vindkasta. Dette gjorde sitt til at deltarane ikkje stoppa igjen etter at dei kom i mål. Kiosksalet vårt lei under dette.



## Nærløp

Tysdag 3. september



Samlingsplass og mål Strando i Førde

Løypeleggjarar var Kjetil log Thomas, som hadde laga fire ulike løyper, som dels gjekk i skogsterreng i det nordlegaste hjørna av Førde sprintkart. Meir enn 40 løparar stilte til start i lettskya flott sommarver, som jamvel freista nokre til sjøbad.



## Turorientering

I løpet av sesongen blei det selt 180 konvoluttar/kartmapper. Av desse var 49 av typen Nærtrim/Barnas Tur-o, medan det gjekk unna 131 av Familie-konvolutten. I 2023 selde me i alt 184 konvoluttar, 59 av desse var av typen Nærtrim/Barnas Tur-O. I 2022 selde me til saman 149 konvoluttar. Desse tala tyder på at me har stabilisert oss på eit relativt høgt nivå, på om lag same nivå som i korona-sesongane 2020 og 2021.



**Sesongens sju kart og terrengrute inneheldt til saman 77 tur-o-postar. Desse terrengruteområda blei nytta**

**1. Drangsvågen-Islandsfjellet:** Dette tilbodet måtte avsluttast etter Kaffiposten 26. mai, ettersom storfe skulle sleppast på beite i vårt aktuelle tur-o-område. Vårt eige o-kart Førde frå 2005 blei nytta

**2. Eikelandsneset - Storavatnet:** Vårt eige o-kart Auklandshamn frå 2004 blei nytta

**3. Ryvarden-marka:** 10 postar var lagt ut på nordsida av vegen vestover til Ryvarden fyr. Dei fleste postane låg i nærleiken av ein nyleg oppmerka tursti. Vårt eige kart, Ryvarden-marka frå 2013, blei nytta.

**4. Tittelsnes:** Ti postar var lagt ut i nærleiken av sti og skogsveg nordover i retning Røysanes, som er det nordlegaste punktet i Sveio kommune. Vårt eige o-kart, Tittelsnes Festningen, blei nytta

**5. Skålaskog - Avløype:** I dette området plasserte SOL ut postar for første gong i 2023-sesongen. Utfordringa for enkelte var å finna fram til utgangspunktet for turen. Eit lite vegkart på framsida av løypekartet var til hjelp for årets nye deltakarar. Mapant-kart blei nytta.

**6. Sandvatnet rundt:** Postane var lagde ut i området Paddevegen- Skiftestad. Høveleg stad å starta turen var langs vegen opp mot Sveio vassverk sitt høgdebasseng på Rossafjell. Vidare låg det postar i nærleiken av meir eller mindre tydeleg sti som i hovudsak går rundt Sandvatnet.

**7. Usynlege o-postar var nytt i 2024-sesongen. Postane låg i området mellom Lierfjell og Børshovda.** Ingen av desse postane var fysisk utplasserte i terrenget. Deltakarane måtte lasta ned tur-o-appen for å kunne registrera seg der. Melding via telefonen blei mottatt når deltakaren var på posten og kunne registrera ditt postbesøk. Vårt eige o-kart Lier blei nytta.

**8. Fleire tilbod kan bli lansert i løpet av sesongen.** Info kjem etter kvart via Facebook-sida vår. Nye kart kan då lastast ned via Sveio O-lag si side på [www.turorientering.no](http://www.turorientering.no)

**Kaffipost blei arrangert** 26. mai i idylliske Drangsvågen, kor det blei servert kaffi, saft og kaker. Om lag 40 tur-o-entusiaster stakk innom.



## Nærtrim/Barnas Tur-O

Dette er ei litt enklare form for turorientering, men den har samtidig passande utfordringar også for vaksne, som vil prøva turorientering. Dei som bur i krinsane Auklandshamn, Valevåg/Tittelsnes, Sveio/Fjellstad og Vikse var så heldige at dei kunne besøkja enkle turpostar, like ved der dei bur.

## Fire ulike turar

1. På Einstabøvoll var grendahuset Kleivo eit fint utgangspunkt for å jakta på postar langs turstien i retning Trodlavassnibbo.
2. I Auklandshamn var skulen/butikken eit godt utgangspunkt for turen, som inneholdt fem postar langs Mjånestjødno.
3. For turen langs Bjellandselva høvde det å parkera ved gangstien i nærleiken av der gangvegen går i tunnel til sørsida av Fvn 47.
4. Vikse skule var utgangspunktet for turen med fem postar i lett terreng med godt merka turstiar.

## Sommarpostar

Dette tilbodet er meint som eit lågterskeltilbod innan tur-o. Postane, som blei markerte med stolpar, blei delte på to turar. Begge stetta Orienteringsforbundet sine krav til grøne turar.

Det tyder mellom anna at postane skal kunne nåast av rullestolbrukarar. Karta blei gjort tilgjengelege via portalen vår på [turorientering.no](http://turorientering.no). Sju av sommarpostane låg ute i terrenget i Førde, frå sentrum og i parken langs elva og stranda og vidare langs Vågen til Vestbygda. Dei andre sju stolpepostane blei plasserte nær grusveg og sti i området til Sveio golfpark.

## Finn Fram-dagen

Finn Fram-dagen blei arrangert i godt vær på Strando i Førde søndag 1. september. Arrangementet blei ein knallsuksess i eit strålende sommarvær som me lenge hadde sakna. Meir enn 200 deltakarar samla seg til ymse aktivitetar i den idylliske strand-parken i Førde. Sveio O-lag hadde med desse som medarrangørar: Førde-speidarane, Bua-speidarane, Sveio Turlag og Lid 4-H.







Deltakarane i rundløypa, vel 150 i talet, fekk utdelt kart med åtte innteikna aktivitetspostar. Det nye sprintkartet over Førde blei nytta. I tillegg til o-tekniske oppgåver på dei åtte postane langs rundløypa, kunne dei ulike lag og organisasjonar tilby ymse andre aktivitetar på kvar sine tildelte postar. Alle som gjennomførte rundløypa fekk deltakarpremie. Førde-speidarane kunne tilby kajakk-padling på grunt vatn. Sveio O-lag kunne sjølv tilby speedorientering og på ein annan stad i rundløypa stod Sveio O-lag også ansvarleg for tevling i luftgeverskyting.

Sveio Turlag kåra søndagens sterkaste i ulike klassar, der deltakarane måtte halda vassbøtter på strak arm så lenge dei makta. Lid 4H arrangerte tevling i pilkast og i kasting av hestesko mot blink.

I grillhytta på Strando selde Sveio O-lag pølsjer i brød og nysteikte vaflar med kaffi eller saft attåt. Premie til alle som fullførte rundløypa blei delt ut ved målplassering. Dessutan var det premiering til dei beste i tevlingane kor det gjaldt om å treffa blink. Premiar i speed-orientering blei utdelt etter loddtrekking. I tillegg blei det trekt ut premiar blant alle deltakarane i årets arrangement.

## Årsfest og premieutdeling

Under tilskipinga i Førde samfunnshus torsdag 14. november kunne meir enn 150 blant dei meir enn 200 deltakarane gjennom årets sesong ta imot synlege bevis på velfortent heider og ære.

Blant merkevinnarane blei 90 tur-o-deltakarar heidra med gullmerke. Tre av dei mest ihuga og uthaldande tur-o-folka kunne etter årets sesong ta imot kvar sin gullplakett. Dette tyder at dei har oppnådd gullmerke gjennom 15 sesongar. Dei tre gullplakettvinnarane var Marianne Svarverud Hansen, Synnøve Espeseth og Marit Tveit.

Det blei i tillegg delt ut tre sølvplakettar og fem bronseplakettar.

Gjennom årets tur-o-sesong kunne deltakarane orientera seg fram til i alt 119 ulike tur-o-postar, som var spreidde i ulike terrengr kring i mest heile kommunen. Fire deltakarar, Roald Johannessen, Linda Beate Peters, Jana-Elena Koser og Hildegunn Halleland besøkte alle desse postane.

Tur-o-deltakarar som ønskjer å kvalifisera seg for merke og plakettar, må registrera seg og sine postbesøk enten på Sveio-o-lag si nettside for turorientering eller senda inn eit deltakarkort på papir etter at sesongen er avslutta. Talet på deltakarar som vel nettløysinga aukar jamt. 154 nytta dette tilboden i år, medan vel 20 valde papirløysinga. På nettsida blei det gjennom denne sesongen registrert nær 7000 postbesøk, noko som vitnar om at turorientering lokkar svært mange ut i skog og mark i Sveio.

Jana-Elena Koser (sjå bildet under) mottok sølv-plakett etter 10 sesongar med oppnådd gullmerke. Dotter hennar, Hanna Lanea, var årets yngste vinnar av gullmerke etter å ha besøk 85 postar i løpet av 2024. Alice Enerstvedt, Nils Ove Notland og Magnus Notland blei alle tildelt bronseplaketten etter fem gull-sesongar.

Vidar Vikse stod for det musikalske innslaget under Sveio O-lag sin årsfest i Førde Samfunnshus. Programmet opna med Thomas sin bildepresentasjon frå årets o-sesong og held fram med servering av nysteikte vaflar og pølser brød. Etter utdeling av merke, plakettar og premiar, blei det avslørt kven som blei heldige vinnarar i kveldens lotteri.



Plakettvinnarar etter årets tur-o-sesong i regi av Sveio O-lag: Frå venstre: Magnus Notland, Nils Ove Notland, Alice Enerstvedt og Jana-Elena Koser. I fremste rekke står Hanna Lanea (6), ein av årets yngste gullmerkevinnarar.

## Utstyr

**Løpsdrakter** blei produserte av Trimtex i 2010 etter vårt design og blei selt til medlemmane for kr. 300 (for vaksne) og kr. 200 for medlemmer under 17 år. Me har framleis nokre svært få løpsdrakter på lager.

**Overtrekkdressar:** Det ligg nokre få overtrekksdressar på lager etter fornyinga i 2009.

**T-skjorter:** I samband med at SOL arrangerte DM Vest i 2014 og at me tok i bruk nytt kart, markerte me desse storhendingane gjennom å spandera på oss nye T-skjorter med påtrykt

klubblogo. T-skjortene blei tatt i bruk til alle funksjonærane under DM-Vest. Me har framleis nokre av desse T-skjortene igjen på lager.

**Telt:** Det første tunnel-teltet blei kjøpt inn i Sverige i 2005. Røynslene med denne typen telt er gode. Me har difor kjøpt inn eit liknande telt, i gult med påtrykt klubbnamnet vårt. Dette innkjøpet er i første rekke gjort med tanke på gjennomføringa av eigne arrangement.

Det nyaste tunnelteltet blei skada under ein storm på Ryvarden fyr kvelden før vårt arrangement der.

Eit partytelt som er lett å setja opp blei kjøpt inn til Finn Fram-dagen i 2023. Seinare på hausten kjøpte me også eit større brukt partytelt for kr. 500.

**Klubbfana:** For første gong skaffa klubben seg lagsfane eller klubbfagg i 2010. Dette flaget i grønt med Sveio O-lags logo på pluss klubbnamn og teksten: "Me gjere det i skogen", blei produsert hos eit svensk firma. Flaget er blitt nytta under eigne arrangement og når løparar frå klubben deltar i o-løp i inn- eller utland.

**Premiar-/gavekrus med klubblogo og namn:** I 2010 blei det laga eit nytt krus med påtrykt klubblogo, klubben sitt namn og teksten: "Me gjere det i skogen". Me investerte i eit rikeleg lager av slike som me i fleire år har nytta som premiar ved DM/KM og kretslosp. Nokre få er att på lager.

Ein annan type og litt enklare krus med påtrykt vår logo, blei kjøpt inn til premiering i samband med Vestlandspremieren 6. april. Då blei det også kjøpt inn to andre typer premiar, glasplakettar og ein type statuett med pålimt logo.

**Konkurransebrikker:** SOL disponerer ca. nye 15 EKT-brikker, som alle blei kjøpt inn før Vestlandspremieren. Alle brikker av eldre dato i laget si eiga måtte kasserast.

**Fingerkompass:** Klassesett med enkle fingerkompass fekk me frå Gilde-fondet. Men fleire av desse er blitt svekka av luftboblar i kompasshuset.

**Luftgevær:** 2 stk. blei innkjøpt i 2016 til bruk under Finn Fram dagen.

**Framvisar (projector)** blei innkjøpt hausten 2015 for at me lettint skal kunne halda presentasjonar under eigne arrangement.

**Sveio O-lag på nettet** [www.sveiool.org](http://www.sveiool.org) [www.facebook.com/sveiool](https://www.facebook.com/sveiool) Kristian S. Førde har utvikla og gjer vedlikehald av laget sine nettsider. Her prøver me å leggja ut aktuell informasjon rundt ulike arrangement og hendingar. Me har sikra oss server-plass, som opnar mogelegeheter for frodig bruk av bilde og for resultatlister frå eigne arrangement og frå andre arrangement som me har deltagarar i. Nettansvarleg Kristian er og IKT-ansvarleg under laget sine arrangement.

## Kart:

**Auklandshamn 2:** Kartet er under revidering/oppdatering. Begge delane av Byggetrinn 1, den nordlegaste delen av det gamle kartet er nå resyntart og reintekna på nytt. Det gjeld området sør for skulen og dessutan Slettene og Eikelandsneset.

**Førde-sprintkart:** 1: 4000, ekv: 2,5 m, Ferdig 2022

**Ryvarden-marka** 1: 10 000 5 m ekv. Ferdig 2013

**Tittelsnes Festningen** 1: 10000 Årstal ferdig 2009/10

**Valestrand skule** 1: 2000, 2009/10

**Einstadbøvoll** 1: 10 000, 2009/10

**Einstadbøvoll 2** 1: 5000, 2009/10

**Auklandshamn** 1:10 000, 2004

**Auklandshamn skule 1**: 5000, 2004

**Slettene 1**: 5000, 2004

**Førde 1**:10 000, 1998

**Førde nærkart 1**: 10 000, 2003

**Førde nærkart 1**: 5 000, 2003

**Førde Prestabryggjo 1**: 5000, 2006

**Lier 1**: 10 000, 2006

**Førde skulekart 1**: 2000, 2006

**Auklandshamn skulekart 1**: 2000, 2006

**Valestrand 1**: 15 000 1973

**Kart-/løypeteiknings-programmet:** OCAD Orienteering Edition

**Følgjande postutstyr** er på lager i klubben si eiga: ( Laget gjorde monaleg omfattande investeringar i postutstyr til DM Vest) Ca. 60 postskjermar i bra stand.

Dertil hadde laget ved årsskiftet **EKT postutstyr** til alle postar med kodenr. frå og med 100 til og med 176. I tillegg har me åtte startpostar (Null-postar) og dobbelt sett av postane 100, 110, 120 og 130, pluss post nr. 97.

**Men mange av posteiningane er tilårskomne** og daudar ut. Me må difor kjøpa inn nye etter kvart for å halda utstyrsparken i orden.

**Tidtakarutstyr:** MTR2 med printer og pc-kabel, MTR3 med EPR-3(printer) og pc-kabel 2x MTR4 med 1 EPR-3(printer) og pc-kabel(USB) 250-avlesar og USB-avlesar. Lisens til tidtakarprogrammet E-timing. Her må det også gjennomførast fornying etter kvart som eininger daudar ut.